



Referat SU- møte Bore skule 16.11.2023

Tid: 18.00- 19.00

Stad: møterom administrasjon Bore skule

Til stades:

Elias Solheim, 6B	elevrepresentant
Olav Andreas Lura	foreldrerepresentant- FAU- leiar
Lill Vien	foreldrerepresentant- SU/ SMU- leiar
May- Liz Skjæveland	representant andre tilsette- vara
Anne Beth Torgersen Høines	lærerrepresentant
Hilde Malmin Kimo	lærerrepresentant
Martin Haukali (V)	kommunal representant (folkevald)
Jorun Beate Fylkesnes	kommunal representant (rektor)
Torhild Helen Melstokkå	støtte for elevrådsrepresentantar

Meldt fråfall:

Hayles Lea Vatne, 5c	elevrepresentant
Edel Njærheim	representant andre tilsette

Sak 18/ 23 Godkjenning av innkalling og referat

Kommentarar til innkalling frå FAU- leiar:

Referat av 05.10.23 var ikkje vedlagt i mail med innkalling.

Kommentarar til referat 05.10.2023 frå FAU- leiar:


Formelt sett var Hege Skrikrud innkalla, men deltok ikkje. Edel Njærheim var innkalla, men deltok ikkje. Lill Christine Vien var ikkje formelt innkalla, men møtte pga at Hege trakk seg frå FAU. Fridtjov Helland var innkalla, men deltok ikkje. Anne Beth Torgersen Høines deltok ikkje, May deltok som vara for henne. Anne Beth står både som innkalla og meldt fråfall, det gjer ikkje Fridtjov; dvs at det ikkje er konsekvent.

Rektor sin kommentar er at ho ikkje har skrive «til stades» i referatet. Nokre av endringane på deltakarar skjedde i forkant av møtet, og etter at innkalling var skrive og sendt ut, og desse blei kalla inn via mail.

Sak 19/23 Pedagogisk utviklingsarbeid

Praktisk Relevant Utfordrande og Variert undervisning (PRUV)

Det pedagogiske personalet skal følgje to ulike Språkløyper i forhold til stasjonsundervisning (1.-3. trinn) og nasjonale prøver (4.-6. trinn). Lærarane vil få bruke PU- tida i 6 veker til kjerneoppgåver, med føringar, kor ein skal planleggje undervisning i tråd med desse to språkløypene. Skulen hadde nyleg og Linda



Med blikk for alle

Refvik som er rektor på Engelsvoll inne som gjesteførelsesar om stasjonsundervisning, då ho tidlegare har arbeidd med dette på Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger.

I forkant og undervegs i skuleåret vil ein stille utvalde fokuselevar dei same kvalitative spørsmåla, for å undersøkje om det blir ei utvikling.

Det er viktig at lærar saman med elevane trener på rutine i stasjonsundervisning, som t.d. å gå frå stasjon til stasjon. Elev fortel at dei i klassen akkurat har avslutta eit prosjekt om Vikingtida. Dette opplevde han som gøy, og også litt vanskeleg å finne informasjon. Dei arbeidde på varierte måtar i prosjektet.

Sak 20/ 23 Reknskap

Reknskap i oktober er på 81,7%, mot forventa 81,6%.

Sak 21/ 23 Nye satsar for foreldrebetaling i SFO fom 01.08.2024 og morgontilbod

Det er bestemt å skrive ei større politisk sak om foreldrebetaling i SFO.

Informasjon om at det frå komande skuleår ikkje lenger vil vera mogleg å kun velje morgontilbod. SU vel å kommentere at dette truleg kan bli utfordrande for enkeltfamiliar i sårbare situasjonar med tanke på eige arbeid.

Sak 22/ 23 Orienteringssaker

- Elevråd (elevrådsrepresentantar og sosiallærar)

- Elevrådet har hatt fleire samlingar allereie denne hausten; meir enn 1/ mnd. Elevrådet deler nå innkalling og referat på showbie, og har opna for chat innad i elevrådet
- Elevrådet arbeider med positivt språk, og har bestemt at dei skal få produsert armband med positivt språk. Dette kjem etter jul, og elevrådet vil søkje FAU om støtte til prosjektet.
- Elevrådet har og arbeidd med kva ein kan gjer i den enkelte klasse for fint språk i klassane. Dei har drøfta belønning når heil klasse klarer dette over noko tid. T.d. ein halv time med belønning, som kan vera leik, spel, tur...
- Kwart elevrådsmøte er klassemiljø tema.
- Kakesalet til elevrådet har starta, og det er lagt opp til kontant betaling. Det vart under denne orienteringssaka diskutert korleis betaling bør/ kan skje, og det vart spelt inn betaling via vipps, kontooverføring, faktura.
- Elevrådet informerer om at BUK (Barn og unges kommunemøte) først vart utsett, og deretter avlyst for hausten. Elevrådet på Bore har arbeidd med å førebu saker til møtet, og er skuffa.
- Rydding av sandleiker skal elevrådet også ta ein runde på.

- FAU

- Skal ha FAU- møte tysdag 21.11.
- Har starta opp reflekskampanje, og har hatt fellessamling i aulaen med informasjon om reflekskampanjen, og delt ut refleksvestar i alle

klassane. Kampanjen er i gang til vinterferien, og FAU vil gjennomføre stikkprøvar 3-4 gonger i denne perioden. FAU sitt syn er at dialogen med administrasjonen rundt reflekskampanjen ikkje har vore ideell.

- Skuleeigar- utval for barn og unge
 - o Martin Haukali er ny folkevald representant til SU/ SMU ved Bore skule.
 - o Han har så langt delteke på eitt hovudutvalsmøte for barn og unge, der val av SU-/ SMU- representantar var ei av sakene.

- SFO
 - o SFO har forslag om at det blir ferie i SFO vekene 28, 29, 30 og 31. Dette vil sikre heile veker med ferie. FAU og SU vil ta dette som saker til komande møter. Bore SFO har til nå hatt stengt heile juli.
 - o SU stemmer for eit forslag om fire heile veker ferie i SFO. For sommaren 2024 vil dette bety sommarstengt fom 8.7.24 tom 2.8.24. I komande SU- møtet må ein avgjer om dette skal starte opp hausten 2024, eller hausten 2025. Saka kan etter at FAU og har uttalt seg, vedtas via ei skrivebordshøyring i SU om ein ønskjer oppstart hausten 2025.
Plandag for SFO var på Sterk Marte Meo

- Skule (lærarar og rektor)
 - o Lærarpersonalet deltek på skolemøtet for Rogaland på plandagen.

Sak 23/ 23 Skulerute for 24/ 25

Utdanningsforbundet ved Bore skule har fått tilsendt skulerute til høyring, og rektor avventar svar via Arbeidsplassstillitsvalgt (ATV).

Rektor foreslår at FAU også uttalar seg om skuleruta i FAU- møtet den 21.11.23. Etter tilbakemelding frå både fau og atv kan SU vedta endeleg skulerute. Denne kan vedtas via mail med evt lokale forslag. Rektor foreslår at SU ein gjer 1 av 2:

1. Vedtek skulerute for Bore skule via mail
2. Vedtek skulerute for Bore skule ved neste SU- møte